

SAK 44/24 CAMPUS HALLINGDAL, FORLENGE ETABLERINGSPROSJEKT**Saksopplysning**

Regionrådet for Hallingdal handsama i sak 56/23 campus Hallingdal, frå forprosjekt til etableringsprosjekt. Der vart det gjort vedtak om at etableringsprosjektet skulle vera avslutta innan 1.12.2024.

Campus Hallingdal følgjer oppsett framdriftsplan i forhold til:

- Rekruttering av studentar
- Alle tre planlagde studia vil starte, 60 studentar
 - Grunnskulelærer 1-7. trinn
 - Bedriftsøkonomi m/valgretning innovasjon og entreprenørskap
 - IT og informasjonssystem
- Studiestart 21.8.2024
- Etablering av campus i [Stim Work](#)

Prosjektleiinga ser at å avslutte campus Hallingdal som prosjekt 1.12.2024 vil kunne vera uheldig av fleire årsaker:

- Finansiering for planlagt opptrapping 2025 og 2026 til totalt 180 studentar er enno ikkje på plass
- Med opptrapping vil det kunne bli behov for andre lokalitetar, som det blir vurdert som føremålstenleg å starte vurderingar av allereie no.
- Planlegging av event. nye studietilbod er ein prosess som ikkje vil vera avslutta 1.12.2024
- Det blir vurdert som viktig å ha ein endå tettare kontakt både med kommunane og lokalt næringsliv. Med ambisjonane om eit campus som skal ha ei nasjonal interesse blir det og viktig å koma fram til nye attraktive studietilbod.
- I oppstartsfase følgje opp etableringa av bedriftsnettverket, "Studentløftet"
- Vera ein aktør og vurdere synergjar med Bulystprogrammet i Hallingdal og Trainee Hallingdal, m.a. i forhold til rekruttering.
- Det blir vurdert som særdeles viktig å følgje opp fyrste kull med studentar, som dei viktigaste ambassadørane for vidare utvikling av campus Hallingdal. Sjølv om Gol kommune har etablert eit eige prosjekt med tanke på m.a. tilrettelegging for studentane blir det vurdert som viktig at prosjektet også har ein rolle fyrste skuleåret.

Det er ynskjeleg å vidareføre etableringsprosjektet til 1.7.2025.

Vurdering

Ei vidareføring av etableringsprosjektet campus Hallingdal fram til 1.7.2025 blir vurdert som eit svært relevant og fornuftig ynskje ut frå argumentasjon. Ei vidareføring fram til 1.7.2025 vil ikkje krevja ytterlegare finansiering.

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal støttar styringsgruppa sitt forslag om at etableringsprosjektet blir vidareført til 1.7.2025 utan at det krev ytterlegare finansiering.

Hallingdal 16. juni 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar